




VEG I VEST

BEDRIFTSAVIS FOR STATENS VEGVESEN, HORDALAND

VEGDIREKTOR. ATE
27 APR 1984
BIBLIOTEKET



NR. 1 APRIL 1984 ÅRGANG 8



VEG I VEST

NR. 1 — ÅRGANG 8

REDAKTØR:
Ragnhild Øverland Arnesen

REDAKSJONSRÅD:
Josef Martinsen
Per S. Myhren
Gunnar Gjæringen
Konrad Ulvatn
Oddbjørn Lynghammer
Gudrun Caspersen

Opplag: 2.500

Lay-out,
trykk og distribusjon:
Bergens Tidende/J. W. Eide,
Bergen.

Ettertrykk tillatt
— med kildeangivelse.

INNHALD:

Om informasjon til trafikantane	3
Om ortografi og skrivekunst	3
Vegsjefen har ordet	4
Driftsåret 1983: Stor aktivitet	5
Veganlegg i Hordaland -84	8
Konkurransen om utsmykking	13
Bilverksteder deltar i kjøretøykontroll	14
Ordet fritt	15
Vegvesenet som bedrift og bedriftsskaper	16
Ei kake for gangveg i «Gjelet»	18
Styringsgruppe for EDB	21
Vegvesenets første lastebil i Odda	22
Den første veghøvelen i indre Hardanger	23
Arbeidsmiljøspalten	24
VM på ski på Kvamskogen	26
Bergenshalvøya — ett vedlikeholdsområde	27
Lønns- og personalkort, en orientering	28
Aksjon Kjøreløys	29
Personalnytt	31

Foto på framsida.
Rekkverksarbeid i Bergensområdet
(Foto: V. ARNSEN)

Billettekst siste side
Utsyn fra den nye brua til Misje (rv. 561) Bygda med ferjekaien er Solsvik. Sotra
(Foto: T. HAUGEN)

Om informasjon til trafikantane

Vi i Statens Vegvesen skal vere nokon av dei sentrale deltakarane i det Aksjon Publikum-festbruset som politikarane no har sett i gang. Underleg nok har einkvann fått omgrepet «smilekurs» til å bli noko av det sentrale ved heile aksjonen. — vi skal altså lære å smile...

Vi for vår del trur det kan vere meir vesentleg å sjå på korleis vi kan få publikum til å smile, ikkje av oss, men med oss. Smilet må vere eit resultat av det vi gjer. Det viktige må vere å vurdere om vi kan gjere ting annleis, enklare eller betre, til gagn for publikum/trafikanter, og kan hende for oss sjølv også?

Her og no kunne vi tenkje oss å trekkje fram eit spesielt område der behovet for ei beting er stort. Det gjeld informasjon til trafikantane ute på vegen. Den siste tida har vi opp til fleire gonger i veka hatt annonsar i avisene: «Vegen er stengd opp til to timar om gongen grunna sprengingsarbeid.» Ja, slik eller på liknande vis fortel vi det når vi stengjer vegen slik det høver oss — for vi driv jo med vegarbeid og må få gjort jobben vår. Om andre ikkje får gjort jobben sin på grunn av dårleg opplegg og mangelfull informasjon frå vår side, er ikkje noko å ta omsyn til. Einskilde stader er det teke omsyn til at bussen skal fram, og det er vel og bra, men kva med t.d. alle dei som skal nå ei ferje, utan at vegvesenet finn det naudsynt å rette seg etter det? Og kva med alle dei som ikkje har hatt peiling på kva for periodar vegen er open — av di det ikkje er avertert — og kjem sekundet etter at vegen er stengd, for å måtte stå der i to timar? Toppen på irritasjon må det vekkje om trafikanten då finn ein liten lapp ved sida av bilen sin der det står kva tid vegen er open.

Etter det vi har røynsle med, vil det i dei fleste høve vere mogleg å unnta arbeidet slik at det let seg gjere å opplyse trafikantane om kva tid dei kan sleppe forbi. Dermed kan dei leggje køyreruten sin opp etter det, og vi unngår lange koar og sinte bilistar.

Til no har det openbernt vore svært vanskeleg å leggje arbeidet opp med tanke på å finne ei ordning som kan fungere bra for trafikantane også. Haldninga er stort sett at trafikantane får rette seg etter oss. Når arbeidet først er kome i gang, syner det seg at det så å seie alltid blir lagt til rettes etter faste periodar, med open veg til same tider kvar dag. Kva er da problemet?

Det same gjeld plasseringa av skilt i samband med vegstenging pga arbeid ras eller anna. Trafikantane må få informasjon om vanskar på vegen og eventuelt omkøyning i god tid — gjerne fleire mil i førevegen. Som kjend er her smitt med omkøyingsvegar i fylket vårt! Det er ikkje ulikjævande om folk må køyre fleire mil til fanyttes av di vi i vegvesenet ikkje har teke nok omsyn til dei som ferdest på vegen! Det er jo dei vi jobbar for! Dei er kundane våre, som vegdirektøren peika på i siste nummeret av Vegen og Vi. Det kan vere nyttig å lese det han skreiv om vegvesenet som ein service-orientert etat.

Likeeins kan det vere nyttig å drøfta problemet grundig når emnet kjem opp i samband med kuss om dei nye teikane for arbeidsvarsling om kort tid.

Vi ønskjer lykke til i arbeidet med å spreie smil i kvardagen — som eit resultat av den munsaisen vi gjer!

Red

Om ortografi og skrivekunst i vegvesenet

Ikkje alle er like støe i rettskrivinga, det veit vi. I ein viss grad må vi også godta det. Vi tykkjer likevel at her er visse grenser, og visse område der vi ikkje kan vere kjende av at vi ikkje maktar dette godt nok.

Det gjeld særleg skiltinga. I vinter har vi opplevd mange døme på at skiltinga vår ikkje er god nok, og både privatpersonar og aviser reagerer på det, som rimeleg er.

Å skrive rette stadnamn, nytte rette bøyingsformer og rett ortografi er ein plikt for eit offentleg «vesen» som oss, og vi har alle eit felles ansvar for dette.

For det første må kvar og ein av oss som tingar eit skilt, levere teksten som skal stå der skriftleg til den som skal utføre arbeidet. Er du sjølv i tvil om rettskrivinga, så undersøk først — ver sikker på at alt du leverer frå deg er riktig. Dersom ikkje kvar og ein av oss kan ta på seg dette ansvaret, kan det bli vanskeleg å rette opp faderar.

Leiinga på kvar avdeling burde ta dette opp internt og syte for eit system eller ei form for kontroll slik at alle skilt som blir sett ut av vegvesenet er korrekte. Det er det minste ein må kunne vente av ein offentleg etat.

Red.

VEGSJEFEN HAR ORDET



NORSK VEGPLAN 1986-89:

For trange rammer gjer at Hordaland sakkar akterut

Naudsynt å finne andre finansieringsformer

Vi er nå midt oppe i arbeidet med revisjon av Norsk vegplan, og som kjent skal Fylkestinget ha saka opp i midten av juni i år.

Norsk vegplan blei første gongen lagt fram i 1969, og ved utgangen av neste år har vi bak oss fire vegplanperiodar.

Ved kvar revisjon har det store gapet mellom trongen for vegutbygging og dei låge rammene komme klårare fram. Det er også slått fast at vegstandarden i Hordaland i høve til trafikkmengda er lågare enn i noko anna fylke.

Sjølv om vi her i fylket har satsa store ekstramidlar i form av forskotteringar, bompengar og tilskot, så har vi ikkje nærma oss dei andre fylka i vegstandard. Vi har, tvert i mot, sakka lenger akterut. Særleg når det gjeld kjørefart og vegbreidd i høve til trafikkmengda, ligg vi langt etter.

Det er difor grunn til å spørja om ikkje tida no er inne til å sjå på fordelingsnøkkelen mellom fylka ved tildelinga av midlar.

Ved kvar vegplanrevisjon har den store nytten av investeringar i vegsektoren også kome klårt fram. Eit godt døme på dette er den nyleg framlagte transportplanen for Bergens-området. Av den går det fram at ved å investere 2 milliardar kroner kan ein få ein årleg reduksjon i kjøretøykostnadene på 590 mill. kroner samanlikna med vegnettet i dag. I tillegg er det rekna med ein reduksjon av ulykkene på 40%. Så vidt eg kan sjå er det ikkje nokon stad i den offentlege sektor at ein kan oppnå så stor forrentning av investert kapital.

For dei to neste fireårsperiodane 1986-89 og 1990-93 har vi frå Samferdselsdepartementet fått ei ramme på 905 mill. kr i kvar periode. Denne ramma ligg ca.

17% lågare enn i noleggjande vegplan. Går vi tilbake til første året i vegplanperioden 1978-81, så var løyvinga det året 235,5 mill. kroner. Omrekna til 1983-prisnivå, vert det om lag 370 mill. kroner, mot at vi får 226 mill. kroner kvart år i dei neste åtte åra. Det betyr at riksvegøyvinga til Hordaland i 1978 låg om lag 65% høgare enn det som er foreslått for tidsrommet 1986-93.

Denne låge ramma vil få store konsekvensar for investeringsprogrammet. Det vil bli vanskelegare å få med store nyanlegg, og vi må leggje større vekt på opprusting av eksisterande vegnett og parsellvis utbygging av vegane. Det vil også bli viktig å prøve å finne fram til andre finansieringsformer, og på kort sikt vil det seia meir bompengar.

For å betre tilhøva for vegtransporten mellom landsdelane, har Vegdirektoratet i retningslinene for revisjon av Norsk vegplan for 1986-89 definert eit nett av gjennomgåande transportruter. Desse rutene skal ha same standard med omsyn til fri høgd, akseltrykk osv. I Hordaland omfattar dei gjennomgåande transportrutene fylgjande vegstrekningar:

E68 Sogn og Fjordane gr. - Voss - Bolstad - Dale - Bergen.

E76 Telemark gr. - Røldal - Jøsandal - Fjæra - Ølen - Rogaland gr.

Rv. 14 Rogaland gr. - Skjersholmene - Sandvikvåg - Bergen - Knarvik - Romarheim - Sogn og Fjordane gr.

Rv. 7 Buskerud gr. - Bruravik - Granvin - Voss.

Rv. 47 Jøsandal - Kinsarvik - Brimnes.

I vårt forslag til revisjon av vegplanen for 1986-89 har vi sett av ca. 400 mill. kroner av ramma på desse gjennomgåande rutene. Vi vil då få eit tenleg vegnett her i takt med våre nabo fylke. Til riksvegnettet i Bergen har vi sett av bortimot 300 mill. kroner for å kunne halde fram med utbygginga etter dei vedtekte planane.

Vi har då igjen ca. 200 mill. kroner til utbetring av alle andre riksvegar i fylket. Eg reknar med at den fordelinga av midlar eg her har nemnt vil bli vedtatt av fylkestinget utan store endringar. På alle område er det for lite midlar, og målsettinga har vore å fordele «den akutte nød» mest mogleg likt. Den store uvissa knyter seg no til spørsmålet om vi får ei eller anna form for bompengefinansiering av innfartsårene til Bergen. Ei anna viktig sak for heile Nordhordland og Bergenshalvøya er når arbeidet på Salhusbrua kan koma i gang.

J. Martinsen


Stor aktivitet i drifta, framgang på mange område

AV DRIFTSSJEF
JANN B. JENSEN

Trass i einsskilde tilbakeslag, må driftsåret 1983 få karakteren framgangsrikt på dei fleste område. Det er ikkje dei ordinære løyvingane til vegarbeidsdrifta som då er i tankane, desse viser framleis reell nedgang, men utviklinga når det gjeld utnyttinga av ressursane og kostnad og kvalitet på det ferdige produktet vi leverer.

Samarbeidet mellom drifts-avdelingane har vore særst godt i 1983, og mange viktige policy- og prinsippspørsmål er blitt drøfta og avklåra, og nye er tekne opp til diskusjon. Viktige arbeidsfelt/område er omorganisert/justert og tiltak sett i verk. I det heile er det ein langsiktig prosess i gang ved vegkontoret som eg er overtydd om vil gje resultat både på kort og lang sikt. Som døme på kva eg siktar til kan det nemnast:

- *Bemanningsjusteringa i vedlikehaldet*
- *Maskinpolicy i vedlikehaldet*
- *Kvalitetskontroll i drifta, ut-*



bygging av distriktslaboratoriet.

- *Tilbakeføring av røynsle frå vedlikehald til anlegg/plan.*
- *Omorganisering av arbeidsområdet for behandling av søknader om avkjørsler/dispensasjonar.*
- *Økonomi/styring, prøveprosjekt i vedlikehaldet.*
- *Samanslåing av vedlikehaldsområda R2/R8.*
- *Kartlegging av leiðningsanlegg.*
- *Vegregister på riks- og fylkesvegar, ajourføring, overføring til EDB.*
- *Kurs i driftsplanlegging for den einsskilde arbeidstakar i drifta.*

— *Utgreiing av spørsmål vedk. lærlingar og unge arbeidstakarar.*

- *Oppretting av styringsgruppe for innføring og bruk av EDB.*

Område som er tatt opp til diskusjon/utgreiing:

- *Reduksjon av kjetting/piggdeksklitasje på vegnettet, samarbeidsprosjekt med busselskapa på Bergenshalvøya og Bergen kommune.*
- *Utnytting av opplasting/transportressursar: Val av maskinar, transportkjøretøy, samansetting av transportkjeder, anleggsvegar.*
- *Bruk av micromaskiner (EDB) i anleggs- og vedlikehaldsdrifta.*

► Områder som vil bli tatt opp til diskusjon/utgreiing i 1984.

- Oppretting av dekkeseksjon i vedlikehaldet.
- Reduksjon i talet på vedlikehaldsområde.
- Graving i vegnettet av andre etatar og private, betre oppfølging.

Store anleggsmidlar, lite til oppfølging

Det som har vore særmerkt ved året 1983 er vel dei store midlane vi har hatt til rådvelde i tillegg til dei ordinære løyvingane, særleg på anleggsida. Desse, som for 1983 utgjorde noko i underkant av 200 mill. i form av forskotteringar, bompengar, tilskot og sysselsetjingsmidlar, har stilt svært store krav til dei tilsette ved vegkontoret på alle plan. Det er heilt klårt at det har vore vist ein framifrå innsatsvilje og lojalitet for å løysa oppgåvene som er pålagde, og det er difor deprimerande for oss i toppleiinga ved vegkontoret at vi ikkje har fått tilstrekkeleg respons frå sentralt hald på det som etter vår meining er eit naudsynt krav i høve til den auka aktiviteten i drifta. Auka midlar over administrasjonsbudsjettet til planleggjing, overtid og reising, sjølv om vi sjølv sagt er takksame for dei ekstramidlane Vegdirektoratet har funne plass for. Vi vil likevel arbeide vidare med saka. I von om forståing for våre argument.

Auke i entreprisar og innleigde tenester

Ser vi på dei einiskilde avdelingane har det som nemnt vore stor aktivitet på anleggsida. Omsetnaden har auka frå 314 mill (82kr) i 1982 til 482 mill (83kr) i 1983. I same tidsrommet har entreprisedelen auka frå 14 % i 82 til 21 % i

1983 for riksveganlegg og 26% for fylkesveganlegg. I desse tala er berre reine entreprisar rekna med. Tek vi med dei tenestene som blir utført av private etter tilbod, dvs. etter «Forskrifter for kjøp av varer og tenester til staten» eller populært kalt «Kjøpsforskriftene», vil delen av innkjøpte tenester utgjere mellom 40 og 50% av anleggsutgiftene.

Fleire viktige anleggsparsellar blei opna i 1983, m.a. på nordre og søndre innfartsåre til Bergen. Arbeidet på Rv. 14, parsell Nygårdstangen - Øyjorden, starta opp ved årsskiftet 82/83, og arbeidet skrid fram etter driftsplanen. Avgjerda om bruk av fullprofilmaskin på dette anlegget er ei utfordring til oss alle ved vegkontoret, og eg er viss på at anleggsavdelinga, som står for den praktiske utføringa i marka, vil løysa oppgåva på ein tilfredsstillande måte.

Sysselsetjingsarbeida i Hordaland har vore ei belastning for vegkontoret og anleggsavdelinga, men det har vore gledeleg å kunne registrera at svært mange, både i distriktet og på sentralt hald, har sagt seg godt nøgde med det som er utført.

Ein ting vi med glede har merka oss i drifta, er at planstoda har betra seg monaleg i 1983, men vi er likevel redde for at dei rammene som er innførte for bruk av driftsmidlar til planleggjing, kan føra til stagnasjon og tilbakegang i denne utviklinga.

Policy og målretta vedlikehald

Innleingsvis ga eg ei oversikt over saker vi har arbeidd med i 1983, og denne oversikta viser at det også har vore stor aktivitet på vedlikehaldssida. Her er det i første rekkje policy/organisasjonsspørsmål det har vore arbeidd med, og

einskilde både inne på kontoret og ute i felten synes nok kanskje at dette tek tid. Eg kan langt på veg vera samd i dette, men vi har eit lovverk som skal fylgjast, og eg trur dessutan at det på lengre sikt kan løna seg å ta diskusjonane på førehand, framfor å slita med meiningar og syn som ikkje er blitt drøfta og som kan utvikla seg til eit problem for samarbeidet i framtida.

Denne aktiviteten inne på kontoret har ført med seg at relativt få nye tiltak er sett i verk ute på vegane; året 1984 vil bli annleis i so måte.

I Vegdirektoratet blir det for tida arbeidd med ei rekkje policy/organisasjonsspørsmål, og *målretta vedlikehald/økonomistyring* er stikkord i denne samanheng.

Hordaland er eitt av 4 prøvefylke på dette området, og eg trur at dette med m.a. planleggingsmøte ute på veggen, som dei fleste i vedlikehaldet etter kvart er blitt kjende med, vil bli eit viktig element i drifta i framtida.

Nye vegdekke har fått høg prioritet dei siste åra, og totalt blei det i 1982 og 1983 lagt 250.000 t og 261.000 t asfalt og oljegrus på riks- og fylkesvegnettet i Hordaland. For -82 medførte dette at 400 km veg fekk nytt dekke, medan 480 km fekk nytt dekke i -83. At vi rakk ein del lengre med dekkematerialane i -83 har m.a. si årsak i den nye dekkepolicyen, som tilseier redusert høveloppretting og meir eitt-lags dekker på sekundærvegnettet.

Ca. 65% av dekkene blei lagt i eigen regi, og i høve til kostnadene er vi her fullt ut konkurransedyktige med privat drift. Når det gjeld den handverksmessige utføringa av arbeidet, har vi nokre nedslåande døme i eigendrifta som dreg ned i høve til entreprenørane. Entreprenørane har betra

Arbeid med vass-sikring og bolting i tunnelen gjennom Mundalsberget (Lindås). Det er vedlikehaldet som har ansvaret for arbeidet.

(FOTO V. ARNESEN)

seg monaleg det siste året på dette feltet.


Det blei arbeidd godt i vedlikehaldet med økonomi/styringspørsmål, og bruk av EDB i budsjettarbeid og i arbeidet med byggjeprogram gjev gode voner. At vi ikkje «traff» heilt med forbruket på riksveggar i sluttfasen, ser eg meir som eit arbeidsuhell som ikkje vil gjenta seg. På fylkesvegane blei sluttresultatet svært godt.

Store overskot for maskindrifta

Maskinavdelinga har vore inne i ei god utvikling over lengre tid, og sluttresultatet for 1983 står i stil med resultat dei siste åra. Eit overskot på 1,9 mill., då med reduserte prisar på ein del viktige maskiner i høve til dei føreslegne prisane frå sentralt hald.

Sluttresultatet må sjåast på fylgjande bakgrunn:

- Bruk av eigne/framande maskiner i anleggs- og vedlikehaldsdrifta er om lag 50/50.
- Trass i at storleiken på vår eigen maskinpark har vore tilnærma konstant, har talet på driftstimar auka med 27% frå 1981 til 1983. Eg er nokså trygg på at dette ikkje berre er «papirtimar».
- For driftsåret 1983 vedtok Stortinget i samband med behandlinga av St. prp. nr. 1 (1982-83) at Maskinforvaltninga skulle ha eit overskot på 50 mill. på landsbasis. For 1984 er dette sett til 65 mill. Dette fører med seg i praksis for Hordaland at



drifta i Maskinforvaltninga må gå med eit så stort overskot at det veg opp dei meirutgiftene vi blir pålagde gjennom auka sum for renter og avskrivningar som vi skal tena opp.

For 1983 vil dette med andre ord seie at i fall vi hadde nytta Vegdirektoratets prisar på eigne maskiner og halde ved lag tidlegare års praksis vedkommande renter og avskrivning, so ville overskottet på maskinforvaltninga ikkje blitt 1,9 mill., men ca. 10

mill. Overskot på maskinavdelinga skal etter regelverket overførast til vedlikehald, men hovudregelen er at rekneskapaen skal balansere. Det vil seie at prisane normalt ville blitt senka.

Betere tilbod frå distriktslaboratoriet

Distriktslaboratoriet står sentralt både i planleggjingsfasen og i byggjefasen. Dei siste åra har vi auka kapasiteten her, og det er gledeleg å kunne regi-

Veganlegg i Hordaland -84

Også 1984 vil bli eit aktivt og travelt anleggsår for vegvesenet i Hordaland, med Nordre innfartsåre som det største og mest arbeidskrevjande prosjektet. Den største spaninga knyter seg her til den store tunnelboremaskinen som skal setjast inn i arbeid på Fløyfjellstunnelen frå september. Den sokalla fullprofilmaskinen kjem til Bergen i juli. Med denne maskinen vil ein kunne effektivisere tunneldrifta endå meir og korte ned anleggstida på dei to vel 3 km lange tunnelane mellom Sandviken sykehus og Nygårdstangen.

Største anlegget utanom Bergen er Vallavik - Granvin med den 7530 m lange tunnelen. I alt vert det sett inn nærare 450 mill. kroner i ulike vegprosjekt i fylket i 1984.

Anlegg som vert sett i gang i 1984:

I sør:

Rv. 13 Valen - Porsvikskar. 1600 m gangveg, 700 m utbetring av riksvegen. Venteleg

start hausten 1984. Kostnad kring 4 mill. kroner, byggjetid 1 år.

Rv. 542 Siggjarvåg ferjekai. Ny ferjekai med oppstillings- og parkeringsplass. Venta start okt./nov. -84. Kostnad om lag 4

mill. kroner, byggjetid 9 mnd. Rv. 543 Ølensvåg - Berge. 1800 m utbetring av riksvegen og 1800 m gangveg. Arbeidet tek til i mai. Kostnad ca. 7,5 mill. kroner. Truleg ferdig sommaren 1985, men er ikkje fullfinansiert.

Fv. Sunde - Onarheim. Miljøtiltak, gangveg og dels utbetring. Arbeidet tek til okt./nov., kostnad 1,5 mill. kr., byggjetid om lag 8 mnd.

I og omkring Bergen:

Rv. 14 Ø. Ervik - Tertneskrysset. To-feltsveg frå Ø. Ervik gjennom Glasskartunnelen og vidare til rv. 14 ved Tertneskrysset. Delar av vegen nord for tunnelen må sprengjast ut i fire-felts breidd. Dersom dei politiske styresmaktene godkjenner finansieringsopplegget, kan arbeidet komme i gang i mai. Målet er å få parsellen

stere gjennom spørsmål til avdelingane at tilbodet frå denne avdelinga stendig blir betre og at rapportgangen er meir fullstendig enn tidlegare. Enno står det mykje att til målsetjinga er nådd, men samarbeidet med driftsavdelingane går fint, og for fyrste gong er det utarbeidd ein kvalitetsplan for anleggsdrifta

Generelt kan det elles seiast at i samband med revisjonen av NVP for åra 1986-89 og 90-93 er vi i gang med personalplanleggjing på kontoret og i drifta, og vi vonar at dette skal gje oss ei god støtte i tilpassinga av personell i høve til administrasjonsbudsjett og løyvingar. Organisasjonane vil bli trekt med i dette arbeidet.

Året 1983 har på same måte som 1982 vore prega av få rvis

ter og godt samarbeid med dei tilsette. Einskilde grupper har nok sete att med ei kjensle av at deira synspunkt ikkje er tatt nok omsyn til, men ein slik situasjon kjem vi alle i før eller

heller møte med betre argument ved neste korsveg.

Oppstillinga nedanfor viser disponible og medgåtte midlar i 1983:

	Til rådvelde	Sperra	Disponibelt	Brukt
Riksveganlegg	399,9 mill.	—	399,6 mill.	412,6 mill.
Fylkesveganlegg	44,5 mill.	3,6 mill.	40,9 mill.	35,0 mill.
Riksvegvedlikehald	127,6 mill.	—	127,6 mill.	133,5 mill.
Fylkesvegvedlikehald	70,1 mill.	—	70,1 mill.	69,7 mill.

sidan. Det beste ein då kan gjere er å tenkje nærare igjennom saka også frå den andre sida. I fall ein framleis sit att med ei kjensle av at avgjersla var feil, vil ein i det lange løp likevel tena på å lojalt følgja dei gjeldande retningslinjer og

Dei ekstraordinære sysseltjingsmidlane i Indre Hordanger utgjorde for 1983 34 mill. kr. Dei er løyvd over kap. 524 post 73 og kjem i tillegg til disponible/brukte midlar på riksveganlegg.

ferdig samstundes med Hel-
leveien, sommaren 1985.

Parsellen er ca. 1300 m lang,
byggjetid 14-15 måneder, kost-
nad om lag 17 mill. kroner.

Rv. 552 Hatvik ferjekai. Utvi-
ding av oppstillingsplassen,
busshaldeplass og gjen-
nomkøring for annan trafikk
enn den som skal med ferja.
Vert sett ut på entreprise, med
byggjstart i mars. Arbeidet
skal vere ferdig i august. 1,7
mill. kroner står til rådvelde,
og arbeidet vil bli lagt opp slik
at denne ramma skal halde.

Rv. 556 Søreide - Skraneveien.
Ombygging av sving og om-
legging/forlenging av gang-
/sykkelveg. Arbeidet tok til i
februar og skal vere ferdig i
mai.

Lengd 500m, kostnad ca. 0,4
mill. kr.

Rv. 561 Ågotnes - Solsvik. Ny
veg mellom Ågotnes og Solsvik
med påkopling til vegen til
Solsviksundet bru. Venteleg

klar til anleggsstart i mars og
føresett ferdig i mai 1985.
Lengd 4550 m, kostnad ca. 11,5
mill. kroner.

Fv. Eidsvågvegen. Arbeidet
omfattar ei mindre strekning
med fortau og to busslommer
lengst ute på Eidsvågneset.
Kjem truleg i arbeid etter
sommарferien. Kostnaden vil
ligge i overkant av 1 mill. kr.

I nord:

**Rv. 14 Fosse - Frekhaug -
Mjåtveit.** Arbeidet tok til 17.
februar mellom Fosse og
Frekhaug, der arbeidet er sett
bort på entreprise.

Arbeidet mellom Frekhaug
og Mjåtveit vert sett i gang
hausten 1984. Strekinga er to-
talt på 2,1 km, og kostnaden er
rekna til 18 mill. kr. Vegen skal
vere ferdig hausten 1985.

Rv. 568 Vågseidet - Haugatun.
Arbeidet tok så vidt til i de-
sember 1983 med anleggsveg
fram til Lyngfjellstunnelen.

Arbeidet på den 950 m lange
tunnelen kjem i gang 15. mars.
Den vil bli drive med to skift,
og vi ventar gjennomslag i slut-
ten av november 1984.

Heile parsellen er 3250 m,
og kostnaden er rekna til 27
mill. kr. Anlegget er enno ikkje
fullfinansiert, men vert midlar
tilgjengelege, kan vegen op-
nast hausten 1985.


I indre del av fylket:

Rv. 7 Måbødalen. Ny tunnel frå
Storagjelet til Måbø bru, lengd
1750 m. Kostnadsoverslag ca.
33 mill. kr., av dette skal Eid-
fjord kommune forskottere 20
mill. Arbeidet tok til i februar
1984, og sjølve tunnelarbeidet
tek til i oktober. Byggjetid om
lag 3 år, slik at vegen vert
opna for trafikk i 1986.

**Rv. 47 Tunnel gjennom Tysse-
dalsberget,** lengd 1250 m, kost-
nad 24 mill. kroner. 13 mill. av
dette vert dekkja av sysselset-
tingsmidlar eller midlar utanom

*Glasskartunnelen ved Øvre
Ervik i Åsane. Arbeidet vidare
med rv 14 nordover kan komme
i gang i mai dersom finansie-
ringsopplegget vert godkjent.*

(FOTO V ARNESEN)





Bjarne Sløre driv med jarnbindingsarbeid på anlegget Eikanger - Ostereidet.

(FOTO V. ARNESEN)

kryss o.a. mellom Søyletjern og Haukeland sentrum. Arbeidet tok til i oktober 1983 og vert ferdig ca. september 1984. Lengd 1400 m, kostnad ca. 4,5 mill.

Rv. 553 Rådalskrysset. Ombygging/lysregulering av kryss mellom rv. 553/554, dessutan gangveg og gangbru. Entrepriise. Arbeidet tok til i desember 1983 og er venta ferdig i juni. Kostnad ca. 4,0 mill. kr.

RV 555 Bussprioritering Kring-sjøvegen. Vegen vert utvida til tre felt med fortau på begge sider. Eit av felta vert berre for kollektivtrafikk. Lengd ca. 2 km. Arbeidet er venta ferdig ved årsskiftet og er kostnadsrekna til 13 mill. kr.

Rv. 555 Tunnel gjennom Nygårdshøyden. Lengd 520 m, kostnad ca. 72 mill. kroner. Arbeidet tok til i september 1981, og tunnelen vert opna i desember 1984.

Rv. 561 Svelgen bru. Lengd 281m, kostnad 15 mill. kr. Arbeidet tok til i mars 1983 og er venta ferdig i desember 1984.

Rv. 561 Veg over Toftøy (til X fv.) Ny tofelts veg frå Svelgen bru til kryss med fylkesvegen på Toftøy. Lengd 1700 m. Arbeidet tok til i februar 1983 og er venta ferdig i haust, men vegen vert opna saman med Svelgen bru. Kostnad 7,6 mill. kr., inkl. arkeologiske utgravningar til 1 mill. kr.

Rv. 564 Nyborg - Salhus. Utbetring av gamal veg mellom «Ballett» og Baugtveitvegen, ca. 700 m. Venta kostnad 1,7 mill. Vert opna for trafikk i mai.

Rv. 561 Veg over Misje. Ny veg vidare over øya fram til brufestet for Svelgen bru. Kostnad ca. 3,6 mill. kr. Vert opna saman med Svelgen bru.

ordinære løyvingar. Byggjetid om lag to år.

Rv. 572 Granvin - Ulvik. Utbetring til 3 mill. kroner, som vert forskottert av Ulvik kommune i ara 1984, -85 og -86.

Anlegg som vert opna for trafikk i 1984:

I sør:

RV. 13 Rosendal sentrum. Miljøanlegg/strategi C (trafikk sikring). Arbeidet tok til i november 1983 og er venta ferdig hausten 1984. Kostnad ca. 3,5 mill. kr.

Rv. 13 Skiftesvik - Utåker. Ny veg til Utåker ferjekai, 1600 m. Arbeidet tok til ved årsskiftet 83/84 og opning er venta i november/desember 1984. Kostnad om lag 8,5 mill. kr.

Rv. 545 Agdestein - Jektevik. Strossing av tunnel og utbetring

av riksvegen, 1000 m. Arbeidet tok til i desember 1983 og er venta ferdig i april -84. Kostnad ca. 2 mill. kr.

Fv. Sundfør - Fjøn. Ny veg, lengd 4100 m. Arbeidet tok til i september 1983 og er venta ferdig i september - 84. Kostnad ca. 11 mill. kr.

Fv. X rv. 541 - Skimmeland. Utbetring av fylkesvegen og gangveg, 900 m. Arbeidet tok til i juli 1983 og vert avslutta i mai 1984. Kostnad 1,7 mill. kr.

I og omkring Bergen:

Rv. 14 Nyborg - Vågsbotn. Gang og sykkelveg frå Håbrua til Vågsbotn, lengd 2,1 km. Anlegget er venta ferdig ved årsskiftet. Kostnad ca. 5,4 mill. kroner.

E 68 Haukeland sentrum. Gang- og sykkelveg, omlegging av

Fv. Ibsens gt X Haukelandsvegen. Omlegging av vegkryss, vegutviding, lysregulering. Arbeidet vert utført av Bergen kommune for fylkets rekning. Arbeidet tok til i januar og er føresett ferdig i juni/juli. Kostnad 4,2 mill. kr.

Fv. Veg til øyane vest for Sotra. Dette omfattar Torvsundet bru, veg over Algrøy, komplettering på vegen over Langøy. Anlegget vil skaffe Algrøy vegsamband til Sotra. Lengder: veg over Langøy 1 km, Torvsundet bru 133m, veg over Algrøy 1,5 km, ialt 2,7 km. Totalkostnad ca. 11,8 mill. kr. (brua 6,8 mill.) Arbeidet er venta ferdig i november 1984.

I nord:

Rv. 14 Tunnelen i Matreberget vart opna i februar 1984, og trafikken går dels på førebels veg ved grustaket. Tunnelen er 1350 m lang.

I indre del av fylket:

Rv. 47 Ragdeparsellen og Opo bru, Odda. Lengd 500 m, kostnad 14 mill. kr. Anlegget tok til i 1982 og vert opna for trafikk 1. juni 1984. Rv. 47 vert då opna for 10 tonns akseltrykk.

E 68 Lunda-rosen - Brynagjelet. To bruer på 96 m og 56 m og 1 km veg over Tvildemoen, utanom Voss sentrum. Kostnad 17 mill. kr. Anlegget tok til i 1982 og skal opnast for trafikk 1. juni 1984.

E 68 Gang- og sykkelveg Voss - Skulestadmo, og ombygging av parsell Voss sentr. - Lunda-

rosen. Kostnad 11 mill. Anlegget starta i 1982 og vert opna for trafikk til sommarferien 1984. Dette vil då gje 3,5 km samanhengande gang- og sykkelveg mellom Voss og Skulestadmo.

Fv. Dønno - Tjoflot. Lengd 9 km. Arbeidet tok til i 1981, og i september 1984 vert det fest når vegen er ferdig heilt fram til Tjoflot. Kostnad ca. 20 mill.

Andre anlegg som er i gang:

I sør:

Rv. 551 Vikøy - Tørvikbygd. Utbetring av vegen, 7000m. Tunnel i Vangdalsberget vart opna nov. 1983, restarbeid pågår no. Kostnad t.o.m. 1984: 26 mill.

Rv. 547 Lukksund bru m/veg. Nyanlegg 7500 m. Arbeidet tok til i 1981. 3660 m veg på Tynes er ferdig. Arbeid i Bergsvåg (700 m veg) og Stussvik (1700 m veg) pågår. Arbeid på bru (260 m) tek venteleg til i oktober -84, på tunnel (1215 m) i november. Byggetid for brua 1,5 til 2 år, for tunnelen inkl. etterarbeid 1,5 år. Heile anlegget er venta ferdig hausten 1986. Totalkostnad ca. 67 mill. kr.

I og omkring Bergen:

Rv. 556 Fjøsanger - Straume bru. Ombygging av vegen,

gang- og sykkelveg og lokale vegomleggingar mellom Roklubben og Sælenbukta. Delar av parsellen er opna. Heile parsellen vil vere ferdig ved årsskiftet 1985/86. Totalkostnad ca. 53 mill. kr. Arbeidet har gått føre seg i eitt sidan årsskiftet 1980/81, etter nokre ars pause.

Rv. 555 m.fl. Sentralstyring av lyssignalanlegg. Dette omfattar samkøring/samankopling og sentralstyring av trafikklysa i Bergen. Arbeidet gar ut på å leggje kablar og setje opp utstyr for trafikklysa. Det meste vil vere ferdig i år, men alt er likevel ikkje komplett før i 1985. Arbeidet vil koste i alt 9,5 mill. kr.

I nord:

Rv. 14 Ostereidet - Bjørgevegen. Lengd 4500 m, kostnad ca. 30 mill. kr. Vegen vert truleg ferdig i august 1985.

Rv. 14 Trodal - Trodalsleitet, del av strekninga Matre - Sogn og Fj. grense. Arbeid er her i gang på ein 800 m lang tunnel, men arbeidet vart stogga 15. mars på grunn av manglande midlar. Det er von om å få trafikk på strekninga kring årsskiftet 1985/86.

I indre delar av fylket:

Rv. 7 Eidfjord - Brimnes, Parsell Erdal - Brimnes, ca. 2 km

Dette skal bli støyskjermen som skal verne Troldhaugen og konsertane der mot trafikkstøy frå Søndre innfartsåre. Skjermen skulle ha vore høgare, med ved eit kompromiss vart høgda redusert, og pengane vegvesenet sparte på det går til Troldsalen, den nye konsertsalen på Troldhaugen. Biletet er teke i januar i år.

(FOTO T. HAUGEN)



Utbebringingsanlegg. Tok til hausten 1983 og er venta ferdig til sommarferien 1984. Sysselsettingsanlegg. Kostnad 6 mill. kr.

Rv. 7 Tunnel Granvin - Vallavik. Arbeidet tok til i 1981, og det er venta gjennomslag til ferien 1984. Tunnelen skal opnast for trafikk i mai 1985. Lengd 7500 m, kostnad 150 mill. kr.

Rv. 47 Odda - Kinsarvik. Murforsterkingsarbeid, 1 mill. kr. Sysselsettingsanlegg.

Rv. 550 Velure - Grimo. Lengd ca. 7 km, kostnad 43 mill. kr. Arbeidet tok til hausten 1982, er venta ferdig våren 1985.

Rv. 550 Edna - Måge. Lengd ca. 4 km, kostnad ca. 20 mill. kr. Sysselsettingsanlegg, tok til hausten 1982, venta ferdig i 1984.

Rv. 571 Bulken - Evanger, parsell Bulken - Geitle. Lengd 11 km, kostnad 93 mill. kr. Arbeidet tok til i 1981 og er venta ferdig i 1987. Parsellen Bulken - Geitle vert opna for trafikk hausten 1984.

Tunnelarbeid 1984:

Anlegg som vert sett i gang i år:

Lyngfjell tunnel, Vågseidet. 950 m lang, anleggsstart 15. mars 1984, ferdig sommaren 1985. Kostnad ca. 17 mill. kr.

Måbødalen tunnel 4, ca. 1700 m lang. Anleggsstart ca. 15. sep-

tember 1984, ferdig sommar/haust 1986. Kostnad ca. 30 mill.

Stussvikhovda tunnel (Lukksund). 1200 m lang, anleggsstart okt./nov. 1984, ferdig sommaren 1986. Ca. 20 mill. kr.

Ny Tyssedalstunnel. 1250 m lang, anleggsstart mars 1984, ferdig sommar/haust 1985. Ca. 24 mill. med tilstøytande vegar. **Fløyfjellstunnelen.** 6800 m totalt, anleggsstart aug./sept. -84.

Anlegg som er i gang:

Munkebottstunnelen. 450 m + overbygg. Anleggsstart nov. -83, sprengingsarbeid ferdig mai/juni 1984. Vert opna for trafikk sommaren 1985. Kostnad 10 mill. kr.

Vallavik tunnel. 7530 m lang, anleggsstart okt. 1980, sprengingsarbeid ferdig sommaren 1984. Vert opna i mai 1985. Kostnad for tunnelen ca. 136 mill. kr.

Matre - Hogsvær. Sprengning på 850 m lang tunnel, men drifta vart stogga i mars.

Bruarbeid 1984:

Arbeid som vert sett i gang i år:

Rv. 14 Kryss Nygårdstangen. Planlagt anleggsstart i oktober 1984, ferdig desember 1987. To viadukter, entreprise, ca. 30 mill. kr.

Rv. 547 Lukksund bru. Anleggsstart hausten 1984, ferdig hausten 1986, lengd 314 m, kostnad 19,4 mill. kr.

Rv. 561 Rongesundet bru, Anleggsstart hausten 1984, ferdig hausten 1986, avhengig av evt. avtale med Statoil. Brua vert 584 m lang og kostnad er 35 mill. kr.

Rv. 568 Fosnstraumen bru. Anleggsstart hausten 1984, ferdig hausten 1986, ca. 405 m lang, 28 mill. kr. Avhengig av evt. avtale med Statoil.

Arbeid som er i gang:

Rv. 14 Viadukt Nygårdstangen. Arbeidet tok til i februar 1983, og er venta ferdig i desember 1985. To viadukter, kvar på ca. 480 m, kostnad 55 mill. kr. Entreprise.

Rv. 561 Svelgen bru, anleggsstart mars 1983, ferdig desember 1984. 281 m lang, 15 mill. kr.

Fv. Torvsundet bru, anleggsstart november 1983, ferdig november 1984, 133 m lang, 6,8 mill. kr.

Arbeidet på vegen mellom Fosse og Frekhaug på Holsnøy kom i gang i februar. Denne delen av arbeidet er sett ut på entreprise.

(FOTO V ARNESEN)



Konkurranse om utsmykking av nybygga i Fyllingsdalen

300.000 kroner er sett av til kunstnarlege føremål

Som regelen er for dei fleste offentlege bygg, skal også vegvesenet sine nybygg i Fyllingsdalen få si utsmykking. Det er sett av 300.000 kroner til utsmykking, eller ca. 0,5 prosent av den totale byggjesummen. Dette er relativt bra, og bakgrunnen er at det er så vidt mykje menneske som ferdest her.

Det er sett ned eit utsmykkingsutval som har til oppgåve å vurdere kvar og korleis desse midlane skal nyttast. Utvalet er sett saman av arkitekten, Kjartan Seim, overing. A. Myklebust frå Statens bygge- og Eiendomsdirektorat, to kunstnarlege konsulentar, Laila Aas Jacobsen og John Audun Hauge, og ein representant for brukarane, Lars Tveit, som er formann for kunstlaget i vegvesenet.

— Utvalet vart fort samde om at vi ville gå inn for få, gode utsmykkingsoppgaver for midlane, for her hadde vi sjansen til å satse på noko «skikkeleg», fortel Lars Tveit til Veg i Vest.

Utvalet kom fram til tre stader som eignar seg for utsmykking. Den eine er i resepsjonen på vegkontoret, den andre i andre etasje på biltilsynsstasjonen, ved førarkortavdelinga og den tredje blir

utanfor vegkontoret, der ein vil satse på ein skulptur.

Lars Tveit fortel at utvalet har gått ut med innbyding til konkurranse om to av desse oppgåvene. Tre kunstnarar er no i ferd med å utarbeide forslag til utsmykking i resepsjonen på vegkontoret og tre med forslag til skulptur utanfor. Til biltilsynet er det vald ein kunstnar, Marie-Ann Mürer, Bergen, som lagar arbeid i tre. Dette siste er gjort etter tilråding frå konsulentane, som har


Til utsmykking av veggen i resepsjonen på vegkontoret er følgjande inviterte:

Ellen Bang, Bergen
Arve Håland, Minde
Kjell Mardon Gunvaldsen, Kristiansand

Følgjande konkurrerer om skulptur-oppgåva:

Ola Enstad, Oslo
Kristian Blystad, Oslo
Ellen Bang, Bergen

Det er sett ei prisramme for kvart arbeid, og i tillegg har utvalet rekna om lag 30.000 kroner i konkurranseonorar.



Denne veggen skal få utsmykking, syner Lars Tveit, brukarrepresentant i utsmykkingsutvalet.

(FOTO E. GRØNSDAL)

stor tru på den utvalde, og som peika på at ein ikkje måtte bruke for mykje pengar til konkurranse.

Innleveringsfristen er sett til påsken, midt i april. — Vi hadde harde drøftingar i utvalet om kven som skulle få invitasjon til å ta del i konkurransen, men dei vi vart samde om til slutt er valde på bakgrunn av forslag frå medlemene i utvalet og med tanke på at ulike tekniskar skulle vere representerte, fortel Tveit.

Vi tippar på at utvalet kan få ein vanskeleg jobb med å vurdere framlegga, men dei tek sikte på å ha saka avgjort i vår. — Vi har vald kunstnarar som vi veit er dyktige, og som vi har stor tru på. Difor trur eg at avgjerda kan hende kjem til å gå meir på ideen i verket enn på sjølve utføringa, seier Lars Tveit. — I alle høve skal det bli spanande å sjå resultat!

Veg i Vest vil komme attende til resultat, truleg i neste nummer.

Røa.


Bilverksteder og testestasjoner deltar i kjøretøykontrollen

Mange velger verkstedskontroll og unngår reiseutgifter og lange kjøreavstander

Av Gudrun Caspersen

Gjennom blant annet Stortingsproposisjon nr. 1 (1982-83) ble det bestemt at man gjennom en prøveordning skal forsøke å finne fram til hensiktsmessige samarbeidsformer mellom biltilsynet og bilverkstedene eller bilorganisasjonenes testestasjoner. Hensikten er å styrke kontrollen av kjøretøy, og behovet for samarbeidet skyldes manglende kontrollkapasitet innen biltilsynet. Biltilsynet alene har ikke kunnet oppfylle målsettingen med første kontroll etter 4 år og deretter hvert annet år. Med dagens stillingsstopp i etaten har man erkjent at dette målet er urealistisk uten hjelp utenfor etaten.

Ettersom verkstedene allerede foretar *etterkontroll* i stor utstrekning, tar den såkalte K-ordningen



sikte på å utvide dette samarbeidet til også å omfatte ordinær kontroll.

Høsten 1983 ble Biltilsynet i Bergen tatt ut som en av 5 stasjoner som skal delta i denne prøveordningen, og vi har snakket med seksjonsleder Gunnar Brodahl ved kjøretøyseksjonen i Bergen om hva dette vil innebære:

— I korte trekk virker ordningen slik at biltilsynet sender ut innkalling til kontroll som før. Det nye er at bileierne nå kan velge om de ønsker å fremstille bilen sin til kontroll hos biltilsynet eller hos et verksted. Velger de biltilsynet, er det gratis, mens et bilverksted vil ta ca. kr. 100,- for kontrollen. Testestasjonene synes å ta noe mer enn dette igjen. Bileieren har 2 måneder på seg etter innkallingen før biltilsynet skal ha melding om at bilen er kontrollert og godkjent. Dette gjelder kjøretøy under 3.500 kg, altså person- og varebiler.

— Er det samme kontrollen som blir foretatt ved verkstedene som hos biltilsynet?

— Ja, det er forutsetningen. Da vi skulle forberede ordningen sendte vi ut tilbud om å være med til samtlige godkjente bilverksteder i vårt distrikt, (untatt Voss som vil få egen biltilsynsstasjon i løpet av 1985.) I første omgang svarte 56 av 89 verksteder positivt. Ytterligere 13 meldte sin interesse

I tillegg til biltilsynet kan nå bilverksteder og testestasjoner foreta kjøretøykontroll. Dermed kan en øke kontrollkapasiteten og oppfylle målsettingen: kontroll etter fire år, og siden annet hvert år. (FOTO: J. T. TOTLAND)

senere. Disse 69 har nå vært på «kurs» ved biltilsynet hvor kontrollveiledning og mangelsedler er grundig gjennomgått. Biltilsynets kontroller konsentrerer seg jo særlig om punkter som har betydning for sikkerheten og er derfor kanskje spesielle i forhold til «full sjekk» ved et verksted.

Mange velger verkstedskontroll

— Hensikten med denne ordningen er å styrke kjøretøykontrollen. Hvilke erfaringer har dere gjort så langt?

— Hittil har vi sendt ut innkalling på ca. 3000 kjøretøy, Foruten drosjer, som vi regnet med hadde faste verkstedkontakter, har vi kalt inn enkelte årsmodeller. Foreløpig har dette vært til eiere utenom selve Bergen, og det ser ut til at nesten alle disse velger å få bilen kontrollert ved verksted på eller nær hjemstedet. De ca. kr. 100,- man vil spare ved kontroll hos biltilsynet vil jo for disse gå med til reiseutgifter. I disse dager (februar/mars) er det gått ut innkalling til bileiere i Bergen, og vi er spent på hvor mange av disse som vil

ORDET FRITT

Årsmeldinga gjev betre kjennskap til vegvesenet

Eg er svært nøgd med at eg fekk eit eksemplar av årsmeldinga direkte tilsend. Stoffet der har vore av stor interesse for meg. Om eg likevel er noko kjend med arbeidet og an-

legga i vegvesenet, så fekk eg endå betre kjennskap til kvart anlegg og ei rekkje andre ting gjennom årsmeldinga.

Det er første gongen eg har sett vegvesenet si årsmelding,

velge verksted fremfor biltilsynet. Vi var litt overrasket over at så vidt mange drosjeeiere valgte å få bilen kontrollert hos oss, fremfor ved sitt faste verksted.

Stikkprøver gir bra inntrykk

— Har dere noe inntrykk av hvordan verkstedene mestrer sin nye kontrollfunksjon?

— Forutsetningen for å være med i ordningen er som nevnt at verkstedene har fått en innføring hos oss først. I tillegg har de verksteder som ikke hadde det fra før, måttet gå til anskaffelse av en bremseprøver, selvsagt i tillegg til annet utstyr som ethvert autorisert verksted er pålagt å ha. Når et kjøretøy har vært til kontroll, eventuelt etterkontroll, og endelig er godkjent av et verksted, blir ferdig utfylt kontrollseddel sendt til biltilsynet. Det er forutsetningen at biltilsynet følger opp med stikkprøver av ca. 5% av slike verkstedsgodkjente kjøretøy. Hittil har vi fått inn noen mangelfullt utfylte sedler og også funnet mindre mangler ved stikkprøvekontroller. Vi har likevel ikke kommet over alvorlige «unntakelser» og kan vel regne dette som innkjøringsproblemer.

En interessant bivirkning av ordningen synes å være at en del mangler som tidligere gikk igjen ved kjøretøy som ble kontrollert hos oss, synes å forekomme sjeldnere. Mange får jo gjerne bilen ettersett ved verksted før kontroll hos biltilsynet. Når verkstedene nå vet hva vi kontrollerer, sørger de for at disse punktene er i orden før bilen fremstilles hos oss. Dette sparer både publikum og oss for bryet med etterkontroll.

— Ikke alle verkstedene er med i ordningen. Hvordan finner publikum fram til de verkstedene som kan foreta en kontroll?

— Foreløpig er det i Bergen biltilsynsdistrikt kun 21 av 89 verksteder som ikke er med. Dersom man skulle henvende seg til et av disse, vil man der få opplyst hvilke verksteder som er aktuelle. Som sagt er Voss foreløpig holdt utenfor ordningen i påvente av ny biltilsynsstasjon i 1985.

Det foreligger imidlertid nå planer om å utvide ordningen til ca. 40 stasjoner i 11 fylker på landsbasis. Vi regner derfor med at tilbudet i løpet av inneværende år vil komme til å omfatte hele fylket.

og eg vonar eg får tilsend eit eksemplar også neste år.

Årsmeldinga og Veg i Vest er dei to tinga eg set mest pris på å finne i posten — og så er det dertil gratis!

Kåre Sollesnes
Jondal

Og vi kan berre leggje til at brevet er skrive ein av dei siste dagane i desember 1983, og at alle no skulle ha fått sitt eksemplar av årsmeldinga for 1983 i posten. Vi vonar ho kan vere til nytte.

Red.

Mer arbeid — økte utgifter

— Vil biltilsynet ha kapasitet til å kalle inn og følge opp biler i så stort omfang som det her later til å bli tale om?

— Det er jo kontorseksjonen som vil få økt arbeidsmengde ved dette. Selve innkallingen foregår imidlertid nesten automatisk. Det sentrale kjøretøyregisteret henter ut av sin datamaskin de kjøretøygrupper som vi måtte ønske å kontrollere. Vi mottar disse på en datadisk som kobles til vår datamaskin, som så skriver ut innkallingen automatisk. Datamaskinen følger også opp videre med purringer og varsel om inndragning av skilt for kjøretøy som ikke blir ført ut som ferdigbehandlet. Vi håper dermed at merarbeidet med ordningen ikke blir større enn at kontorseksjonen kan makte det.

Et annet spørsmål er det imidlertid om administrasjonsbudsjettet vil kunne bære belastningen. Med innkallinger i et slikt omfang som vi sender ut, vil ordningen representere en økt portoutgift på ca. 40.000,- i inneværende år. Så også på dette området kan det bli et problem å finne rom for denne ordningen innenfor til dels sprengte budsjett.

Vegvesenet som bedrift og bedriftsskaper

Innlegget er opprinnelig et foredrag som Sellevold holdt i forbindelse med et presseseminar vegkontoret arrangerte i februar i år.

Kan et statlig vesen være en bedrift? Spørsmålsstillingen er kanskje uvant for mange. Med en bedrift tenker vi gjerne på et foretak som har ansatte som produserer et produkt eller en tjeneste som kan selges, forhåpentligvis med fortjeneste for eierne. Hovedmålsetningen med bedriften vil normalt være å tjene mest mulig penger.


Kan en slik definisjon på en bedrift passe på vegvesenet? Det er klart at vegvesenet ikke har som mål å skape et størst mulig økonomisk overskudd med sin virksomhet. Samfunnsforskere har hevdet at forskjellen mellom en privat bedrift og en offentlig institusjon er at de private bedriftene har som målsetting å skaffe seg et størst mulig overskudd, mens en offentlig institusjon har som målsetting å skaffe seg størst mulig bevilgning. Jeg tror ikke noen av forsamlingen her trenger være i tvil om at det er en uskreven målsetting for vegsjefen i Hordaland å skaffe mest mulig penger til fylket. Selv om det økonomiske sluttresultatet er forskjellig, viser dette at det er en felles målsetting å få en størst mulig omsetning.

At vegvesenet er en arbeidsplass hersker det vel ingen tvil om. Og dersom man spør de ansatte i vegvesenet om hvilke delmål de har for sitt arbeid, tror jeg at svarene vil bli temmelig like dem man ville få ved å stille spørsmål til de ansatte i en privat bedrift. Sett fra de fleste ansattes side vil det således ikke være noen vesentlig forskjell på å jobbe i vegvesenet eller en tilsvarende privat bedrift, som f. eks. et entreprenørfirma.

Det er en høyt prioritert målsetting i vegvesenet at det arbeidet som skal utføres både av kontormessig og av driftsmessig art skal gjøres så effektivt og rasjonelt som mulig. En slik målsetting er det heller ikke stor uenighet om, hverken i vegvesenet eller i private bedrifter.

Produksjonsbedrift med forvaltningsoppgaver

Mange offentlige etater forvalter store kapitalmengder og



AV ANLEGGSSJEF
NILS H. SELLEVOLD

representerer store arbeidsplasser. Men vi ville vel likevel ikke tenke på helsevesen eller skoleverk som bedrifter. Hva er det så som gjør at vegvesenet skiller seg ut fra disse store offentlige etatene? Først og fremst det at vegvesenet er en produksjonsbedrift. Det utføres et fysisk og mekanisk arbeid som resulterer i et produkt som kan måles både i kvantum og i økonomisk resultat. De mest nærliggende private bedrifter å sammenligne med er selvfølgelig entreprenørfirmaer som produserer nøyaktig samme produkt, og som har nøyaktig samme økonomiske målestokk på arbeidet som blir utført. Det som i første rekke skiller vegvesenet fra et entreprenørfirma, er at vegvesenet både står som byggherre og som entreprenør.

Selv om man aksepterer at vegvesenet må betraktes som en vanlig bedrift, er ikke bildet helt entydig. En stor del av vegvesenets oppgaver er knyttet til utbygging av vegnettet. Men vegvesenet har også forvaltningsmessige oppgaver som må skilles ut fra utbyggingsoppgavene. Vegvesenet har oppgaven å forvalte de verdiene som er lagt ned i vegnettet. Det vil si at vegvesenet er ansvarlig for at veg-

nettet fungerer, og at det kan drives på en måte som samfunnet er tjent med. I tillegg er vegvesenet gjennom Biltilsynet pålagt oppgaver med å føre tilsyn og kontroll med det bilmateriellet som benytter seg av vegnettet.

I likhet med andre bedrifter i anleggsbransjen har vegvesenet en meget desentralisert drift. Arbeidet foregår ikke i faste produksjonslokaler, men blir flyttet fra sted til sted i takt med oppgavens geografiske plassering. Mange avgjørelser av anleggsmessig karakter blir fattet ute på de enkelte arbeidsstedene. Den byråkratiske beslutningsprosessen som offentlige etater tradisjonelt blir beskyldt for, er derfor neppe større i vegvesenet enn i en privat entreprenørbedrift. Det fører med seg at private entreprenørbedrifter og vegvesenet stort sett har samme krav til økonomisk styring, oppfølging og til effektivitet i sin anleggsvirksomhet. På bredt grunnlag er det derfor mulig å foreta en vurdering av vegvesenets effektivitet i anleggsdriften sammenlignet med entreprenørenes effektivitet. Den overordnede styringen foregår likevel fra vegkontoret i Bergen, og enhver avgjørelse som blir fattet av politiske myndigheter eller av Vegkontorets ledelse, vil på kort tid nå ut til hver arbeidsplass i vegvesenet.

Vegvesenet — en storbedrift

Vegvesenet er en betydelig arbeidsgiver i Hordaland. Til sammen er 773 personer ansatt i vegvesenets vegarbeidsdrift og 241 personer er ansatt på Vegkontoret. I alt har vegvesenet i Hordaland 1013 fast ansatte. Dessuten har en lang rekke privat ansatte maskin- og bilførere sitt daglige arbeid i vegvesenet, i tillegg til alle de som er ansatt hos entreprenører. Dette skal jeg komme til-

bake til senere. En sammenligning mellom de største bedriftene i Hordaland gir følgende oversikt over antall sysselsatte:

Fig. 1.

Bedriftens navn	Antall ansatte
Sandegruppen A/S, Bergen	4008
Bergens Mekaniske Verksteder A/S, Bergen	3146
Konsernet Rieber & Sønn, Bergen	1182
A/S Vaksdal Mølle, Vaksdal.....	275
Kløver-Sundt konsernet A/S, Bergen.....	1027
Stord Verft A/S, Stord.....	1522
Konsern O. Kavli A/S, Bergen.....	420
Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap, Bergen.....	980
G. C. Rieber & Co. A/S, Bergen.....	439
Aker Elektro A/S, Sagvåg.....	856
J. O. Jæger, Bergen.....	254
Bergens Tidende og J. W. Eides Trykkeri, Bergen.....	577

(Kilde Økonomisk rapport 11/83)

(Statsbedriftene Televerket, Postverket og NSB er ikke tatt med i oversikten.)

